



Slepet på veg ut frå hamna i Gdansk onsdag. Knester-båten ser ferdig ut allereie, men skinnen bedrar.....

Endeleg er slepet av fiskebåt-skroget frå Polen til Eidsvig Skipsbyggeri i Uskedalen på veg. Den polske slepebåten Agis med det 71 meter lange skalet til Knester-båten etter seg forlet hamna i Gdansk klokka 12 onsdag.

Målsettinga var då å nå fram til Uskedalen måndag morgon, men om det lukkast er førebels usikkert. Den timeplanen kan raskt endra seg på grunn av vertilhøva. Dei har førebels seinka slepet frå Polen til Noreg med mange dagar.

- Det er dårleg ver med sterk kuling i det aktuelle område i Østersjøen nett no, opplyste Svein Arne Eidsvik til Uskedalen.no torsdag føremiddag.

Eidsvik får melding to gonger dagleg om korleis det går med slepet. Det gjeld store verdiar og det er ikkje rart at staben hos Eidsvik held pusten. Båten skal leverast til Knester i Bekkjarvik til våren for 130 millionar kroner. Båten ser faktisk ferdig ut allereie – men skinnen bedrar. Den er berre eit tomt skal med unntak av motorane, som er sett på plass.

Resten av jobben skal gjerast i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen